

Mottakarar i følgje liste

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK

ARKIVKODE: 2011/2172 - 432.2

DATO: 30.04.2012

## ÅLFOTBREEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - REFERAT ETTER KONSTITUERANDE STYREMØTE 1/12

Tid: Fredag 20. april 2012, kl 10.00 – 13.00

Stad: Flora Samfunnshus, Florø. Møterom Ytterøyane.

### Til stades:

Ola Tarjei Kroken

Anita Nybø

Nina Grotle

Frå forvaltinga møtte Tore Larsen (Fylkesmannen) og Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar)

### Meldt fråfall:

Bengt Solheim-Olsen

Referent: Alf Erik Røyrvik

---

### Saker:

#### **Sak 1/12      Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:*

Styret godkjenn innkalling og sakliste

### Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan kommentarar

## **Sak 2/12      Kompetanseprogram**

Tore Larsen frå Fylkesmannen og verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik gjekk kort gjennom:

- Verneprosessen
- Bakgrunnen for vernet
- Verneverdiar
- Rolla og mandat for styret
- Forvaltinga og ulike aktørar
- Særskilde tilhøve i Ålfotbreen Ivo

## **Sak 3/12      Konstituering av styret**

- Val av styreleiar

### Vedtak:

Ola Tarjei Kroken vart samrøystes valt til styreleiar

- Val av nestleiar

### Vedtak:

Nina Grotle vart samrøystes valt til styret sin nestleiar

## **Sak 4/12      Bruk av styret sine frie tiltaksmidlar for 2012**

### *Innleiing:*

*Over statsbudsjettet var det tildela tilsaman 8 mill kr til alle verneområdestyra i landet, som styra disponerer. Desse midlane er fordela etter ein nøkkel om DN har utarbeida.*

*Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde er tildelt 80.000 kr av desse midlane. Styret kan prioritere og nytte desse tiltaksmidlane relativt fritt, men bruken av midlane må vere i samsvar med forvaltingsplanen.*

*Styret bør diskutere korleis desse midlane bør nyttast i Ålfotbreen. Kva type tiltak og kva for aktørar som desse midlane bør prioriterast til. Midlane er «ferskvare» og må nyttast i inneverande år.*

Styret kom med fleire innspel til tiltak som desse midlane kan brukast til:

- Styretur der styret kan besøke andre kommunar/områder med lengre erfaring med verneområder.
- Toalett- og andre fasilitetar i tilknytting til innfallsportar
- Informasjon, parkering og tilrettelegging i for friluftsliv og reiseliv
- Fiskekultivering

## **Sak 5/12      Rutiner for forvaltinga**

Styret meiner det er viktig at verneområdeforvaltaren prioriterer informasjonsarbeid, og særleg nettsida.

Tenestekjøp:

- Reglane for offentlege innkjøp skal følgast
- Ein skal so langt som det er muleg og hensiktsmessig, kjøpe tenester og kompetanse lokalt.

## **Sak 6/12      Orienteringssaker**

Verneområdeforvaltaren informerte om følgande orienteringssaker:

### **-Bestillingsdialog og tiltak 2012**

Verneområdet har fått tilsaman 265.000 kr frå SNO over bestillingsdialogen for 2012. Dette er midlar som er knytte til tiltak som det førre styret sette opp og prioriterte. Tiltaka og fordelinga av midlane er synte i vedlegget som heiter «Bestillingsdialogskjema 2012»

### **-Nasjonalparkkonferanse på Otta 31.08.12**

Det skal vere ein nasjonal nasjonalparkkonferanse på Otta den 31. aug. Dette vert i samband med 50års-jubileet for Rondane nasjonalpark som skal finne stad 1. og 2. sept.

Alle styremedlemmer (og eventuelt vara) er invitert. Deltaking og reise vert dekkja over budsjettet til forvaltingsknutepunktet.

### **-Infomøter med SFE**

I månadskiftet februar/mars vart det gjennomført to informasjonsmøter i samarbeid med SFE, eitt møte på Sandane og eitt i Svelgen. Tema var rett bruk av verneområdet, vernereglar og tryggleik i område med kraftanlegg.

## **Sak 7/12      Møteplan**

Det vert lagt opp til tre møter til i 2012:

- Eit telefonmøte før sommaren (mai/juni) for å handsame helikoptersøknader i samband med grensemerking og eventuelt hjortejakt.
- Eit møte tidleg på hausten
- Eit møte tidleg i november (bestillingsdialogmøte)

Møter på dagtid frå kl 10.00 og utover er passeleg. Møtestad kan godt rullere mellom kommunane.

## **Sak 8/12      Ymse**

- Møtegodtgjerdsla og resiegodtgjerdsla

*Forvaltaren informerte om system og reglar kring godtgjering av møtetid og reise.*

Adresseliste:

Ola Tarjei Kroken

Nina Klara Grotle

Bengt Solheim-Olsen

Anita Nybø

Kopi til:

Karl-Vidar Førde

Gunvor Sunde

Bjørn Hollevik

Bente Halvorsen

Direktoratet for naturforvaltning      Postboks 5672 Sluppen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane      Njøsavegen 2

Nils Erling Yndesdal

SNO Sandane v/Rune Holen